

Referat Møte i Styringsgruppa Idrettscampus Bergen

Dato: 30.10.2020

Tid: 09-10:30

Stad: Teams

Tilstades:

Jon Askeland (møteleiar), John Andre Tveit (for Gro Anita Fønnes Flaten), Pia Mørk Andreassen, Nils R. Sandal, Randi-Luise Møgster, Oddrun Samdal, Merete Bogen, Britt Karen Spjeld, Hanne Espe, Svein Hågård, Morten Kristoffersen, Vibeke Johannesen, Knut Songve, Lars Peder Bovim, Randi Marie Berntsen Farnes, John Wikstrøm PWC, Karoline Sandersen Skotaam PWC, Magne Hop PWC.

Ikkje møtt: Eivind Lunde, Trine Samuelsberg

Referent: Randi Marie Berntsen Farnes

Saksliste:

- 15.1 Godkjenning av innkalling og sakliste
 - 15.2 Godkjenning av referat frå møtet 27.08.2020
 - 15.3 Kort status drift og prosjekt Idrettscampus Bergen
 - 15.4 Økonomi
 - 15.5 Justert strategi Idrettscampus Bergen
 - 15.6 Framtidig organisasjonsform
 - 15.7 Eventuelt
-

15.1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Dagleg leiar: Sak 15.4 – Overskrift i dokumentet er feil, endrast til Økonomi.

Vedtak: Innkalling og sakliste godkjent med endringar over.

15.2 Godkjenning av referat frå møtet 27.08.2020

Saksunderlag: Referat Styringsgruppemøte 27.08.2020

Vedtak: Referat godkjent

15.3 Kort status drift og prosjekt Idrettscampus Bergen

Presentasjon ved dagleg leiar.

*God aktivitet i prosjekt. Webinar 3. november, og lansering av nettressurs tryggeutovere.no
Vore jobba mykje med strategi og avtalar, mange involverte i desse prosessane. Godt arbeid,
og godt resultat. Vi er no klare for å ta steget vidare.*

Vedtak: Teke til etterretning.

15.4 Økonomi:

Saksunderlag: Rekneskap og budsjett 2020

Dagleg leiar viser til grundig gjennomgang i førre styringsgruppemøte og informasjon i sakspapira.

Økonomi generelt:

- Svar på søknad sendt til Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane pålydande 400 000 til prosjektet Aktive Gamere kjem 1. nov.
- Svar på søknad sendt til Stiftelsen DAM 15. september pålydande kr 1 350 000 (over 2 år) til prosjektet Knutepunktet kjem 15. desember.

Kommentarar til rekneskap:

- Covid 19 har gjort at fleire arrangement er blitt utsett til neste år, dette har spart oss for midlar.
- Gitt usikkerhet kring situasjon om økonomi og organisering i 2021 har prosjekta vert meir tilbakeholden i bruk av midlar.
- I mange av prosjekta er det god driv og utvikling, utan at det vert brukt store summar. Dette er ein av fordelane med denne type samarbeid.
- Ein del fakturaer er venta inn mot slutten av året.
- På bakgrunn av overnemnde siktar vi oss inn mot eit overskot på minimum 1,500 000 kr i 2020.

Vedtak: Teke til etterretning

15.5 Justert strategi Idrettscampus Bergen

Saksunderlag: Justert strategi Idrettscampus Bergen (eige vedlegg i e-post).

Gjennomgang i møtet av endringar gjort sidan sist styringsgruppemøtet av dagleg leiar.

10-satsingsområder er gjort om til 4 virkemiddel, som sjåast i samanheng med eit tydeleg og informativt mål.

Endre namn til Idrettsklynge Vest.

Gått frå 1,5 stilling til 1. stilling i «Løftet», men med intensjon om å auke opp dersom finanseringa kjem på eit nivå kor dette er fornuftig.

Vedtak: Justert strategi med tilrådte anbefalingar godkjennast.

15.6 Framtidig organisasjonsform

Saksunderlag: Utkast til Samarbeidsavtale med vedlegg 1 og vedlegg 2.

Vestland IK stilte spørsmål til kven som er det øvste organ i selskapet. PWC svarte ut dette, og tar gjerne dialog vidare med VIK kring dette for ytterlegare tydeliggjering.

Bergen kommune: Det er ikkje sett av midlar til Idrettscampus Bergen slik budsjettet blei presentert frå byrådet. Det presiserast samtidig at budsjettet først er endeleg etter politisk behandling i bystyret 17.12.

Endre ordlyd i punkt 8, avsnitt 4. frå «Partene skal yte driftsinnskudd til...» til «Partene har som intensjon å yte bidrag til...»

Tydeliggjere «Anna kapital» i vedlegg 2.

Vedtak: Aktørane tiltrer avtalen (med justeringar i punkt 8 og vedlegg 2) og dei forpliktelsar det medfører, med forbehold om godkjenningar i dei styrande organ i dei respektive organisasjonane. Det er mål om at avtalen underskrivast 15.01.2021

15.7 Eventuelt: Ingen saker.